

Informasjon om leksehjelp i grunnskolen Udir-6-2010

4. Om kapittel 2B i forskrift til privatskoleloven

Paragraf 2B-1 Leksehjelp i grunnskolen

Skolen skal tilby leksehjelp, jf. privatskolelova § 7-1e, med til saman åtte timar kvar veke til elevar i grunnskolen. Dei åtte timane fordelast fritt på årstrinna slik skolen avgjer. Formålet med leksehjelpa er å gi eleven støtte til læringsarbeidet, kjensle av meistring og gode rammer for sjølvstendig arbeid. Leksehjelpa skal og medverke til å utjamne sosial ulikskap i opplæringa.

Leksehjelpa er ikkje ein del av opplæringa til eleven, men skal sjåast i samanheng med opplæringa. Leksehjelpa skal gi eleven hjelp med skolearbeidet.

Skolen er ansvarleg for leksehjelpa og vel korleis leksehjelpa skal organiserast.

Skolen pliktar å informere foreldra om retten til leksehjelp og tilbodet som gis.

Skolen pliktar å sørgje for at elevane har eit godt psykososialt miljø i leksehjelpa som fremjar helse, trivsel og læring. Dersom ein tilsett har kunnskap eller mistanke om at ein elev sin rett ikkje blir oppfylt skal den tilsette undersøkje saka, varsle skolen og om nødvendig og mogleg sjølv gripe inn. Eleven og foreldre kan

be om tiltak som vedkjem det psykososiale miljøet. Skolen pliktar snarast mogleg å behandle saka etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova. Dersom vedtak ikkje er fatta innan rimeleg tid kan eleven og foreldre klage som om vedtak vart fatta.

Skolen plikter å sørgje for forsvarleg tilsyn med elevane i leksehjelpa. Gruppa må ikkje vere større enn det som er trygt og pedagogisk forsvarleg.

Leksehjelpa skal vere gratis for eleven. Dersom leksehjelpa blir organisert som ein del av skolefritidsordninga, kan skolen ikkje ta betalt for den tida eleven mottek leksehjelp etter denne føresegna. Dette gjeld og for elevar som ikkje deltek i skolefritidsordninga elles.